

Notat – Samarbeid- og driftsavtale mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS og Hardangerbadet Eigedom AS

Kostnader til drift, forvaltning og vedlikehold

Grunnlag for kommunen si investering i Hardangerbadet:

- a) *Kvam herad skal ikkje påførast netto driftskostnader som følgje av bygging av Hardangerbadet. Hardangerbadet. Det vil seie at Kvam herad/Kvammabadet KF som minimum skal gå i null kvart år, samanlikna med dagens situasjon, slik som vist i saksutgreiinga, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 057/15.*
- b) *Netto strukturinnsparing skal gå inn i drifta av Kvammabadet KF, som kan reforhandles etter femte driftsår. Utover dette skal Kvammabadet KF driftast utan tilskot frå Kvam herad, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 080/17.*

Hardangerbadet (HB) skal sørge for forvaltning og drift av KF seksjonen. 64% av utgiftene skal allokert til bruk av KF –seksjonen, 36% til allmenta si bruk av Hardangerbadet.

HB sørgjer for vedlikehold av bygget og Hardangerbadet

Inntekter

74% av netto billettinntekter etter frådrag frå direkte henførbare løpande netto driftskostnader hjå HB som er knytt til allmenta si bruk av HB, er allokert til Kvammabadet KF.

Dersom KF sin del av billettinntekta ikkje dekkja KF sine kostnader skal HB dekke det resterande etter påkrav frå KF.

KF sin del av billettinntekter skal det enkelte år ikkje overstige KF sine faktiske kostnader til drift, forvaltning og vedlikehold av KF-seksjonen det aktuelle året.

Fakturering mellom selskapa

Fakturering frå Hardangerbadet AS til Kvammabadet KF

- HB fakturere KF for tenester til drift, forvaltning og vedlikehold.
- Faktura skal sendast månadleg
- Grunnlag for faktura er budsjetterte utgifter på drift/forvaltning og vedlikehold av KF seksjon og av KF sin del i eigarseksjonssameiga i Kvammabadet KF sitt budsjett, pluss mva.

Fakturering frå Kvammabadet til KF Hardangerbadet AS

- KF skal fakturere HB for KF sin del av billettinntektene
- Faktura skal sendast kvartalsvis
- Grunnlag for faktura er budsjetterte inntekter i Kvammabadet KF sitt budsjett, pluss mva.

Selskapa kan avrekne krava mot kvarandre gjennom året.

Fakturert årleg beløp frå HB til KF er høgare enn fakturert beløp frå KF til HB. Differansen vert utbetalt frå KF til HB. Ved normal drift vil dette skje kvartalsvis.

Avrekning ved årsslutt

- Innan 31.04 kvart år skal selskapa avrekne faktiske kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald og endelege inntekter for føregåande år.
- Dersom HB har høgare faktiske kostnader enn fakturert skal dei sende krav til KF.
- Dersom KF sin del av billettinntekta/husleigeinntekta ikkje dekka KF sine faktiske kostnader skal HB dekke det resterande etter påkrav frå KF.
- I ein situasjon der HB ikkje klarer å betale sitt krav på billettinntekter/husleigeinntekter etter endeleg avrekning kan HB krevje inn underskotsgarantien på inntil 1 mill. kr årleg, for å dekke kravet til KF.

Underskotsgaranti

HST sak 057/15 pkt. 6.

Næringslivsaktørar har stilt underskotsgaranti i Hardangerbadet på kr 1 mill. per år i 10 år.

Garantiane garanterer for husleigeinntekta til Kvammabadet KF frå Hardangerbadet AS, eventuelt underskot i KF.

Fordelingsbrøkar:

Hardangerbadet Sameiga

- 40% Kvammabadet KF har einerett til seksjon 1
- 60% Hardangerbadet Eigedom AS har einerett til seksjon 2

Fordeling av kostnader til vedlikehald av alle innvendige og utvendige fellesareal og byggtkniske anlegg skal fordeles 60/40.

Kostnader til vedlikehald av fellesareal i sameiga

- 76% Kvammabadet KF
- 24% Hardangerbadet Eigedom AS

Fordeling av kostnader til vedlikehald av basseng, samt tilhøyrande garderobe og den enkelte seksjon i underetasjen skal fordelast 76/24. Fordeling av inntekter.

Fordeling av bruk mellom skulebading og alminneleg bruk av Hardangerbadet

- 64% Skulebading
- 36% Utleigeverksemd (3150/8760)

Allmenta si bruk av HB kan ikkje overstige 36 %. Det vil sei 8,64 timar per dag i 365 dagar. Fordelings-% er brukt for å fordele partane sin del av kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald. I KF skal 64% av kostnadene først på teneste for grunnskule, og 36% av kostnadene

Fordeling av billettinntekter mellom selskapa

- 74% av billettinntekter etter fråtrekk for direkte henførbare løpande netto driftskostnader hos HB kan knytast til alminneleg bruk av KF-seksjonen i Hardangerbadet. 74% av inntektene skal derfor til tilfalla KF.
- 26% av alminneleg bruk er knytt til HBE-seksjonen. 26 % av inntektene skal derfor tilfalla HB.

Fristar og datoar

30. april Faktiske kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald og endelege inntekter skal avreknast endeleg mellom partane innan 31.04 kvart år.

31. mai KF skal innan 31.05 kvart år fastsetje bruksplan skulebading for KF-seksjonen.
1. okt. KF skal levere budsjett for kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen og eigarseksjon sameiga til kommunen innan 01.10 kvart år.
1. okt. HB skal utarbeide eit budsjett for billettinntekter knytt til allmenta sin bruk av HB.
1. okt. KF skal seinast 01.10 levere budsjett for kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen og KF sin del av eigarseksjon sameiga for påfølgjande år.